

Fossekall *Cinclus cinclus*

Global utbreiing

Fossekallen er utbreidd med mange underartar i tempererte fjellkjedeområde i Europa, delar av Asia og i Nord- og Sør-Amerika. Nominatforma hekkar i Fennoskandia — i fåtal i Danmark og i Norden i høg- og mellomboreale deler, gjerne opp mot den lavalpine sonen. Populasjonar i SØ-Europa er også rekna til nominatforma. Arten er diskontinuerlig palearktisk.

Norsk utbreiing og habitatval


Fossekallen (norsk nasjonalfugl sidan 1963) er utbreidd over heile landet, mest vanleg på Vestlandet og i fjellområda. Arten er langt vanlegare på Sør- og Sør-austlandet enn tidlegare oppgjeve. I kontrast til dekningskartet er fossekallen vanleg også i store delar av Aust-Agder, Telemark, Buskerud, Hedmark, Nord-Trøndelag, Vestlandet og i våre tre nordlegaste fylke. I Østfold er arten mest vanleg i nord/aust, medan det i Vestfold er mindre vassdrag som høver arten. Fossekallen er helst vanleg i Oslo-området og i mykje av Akershus. Fuglen hekkar «sparsomt» på Hardanger-vidda (Byrkjedal & Håland 1985), er lite representert i flatbygder (eks. Flat-Jæren) og på mange øyar utan høvelege vassdrag. Elles er arten tydeleg oversett i mange besøkte ruter.

Fossekallen vil ha mellomstore vassdrag med klart vatn, særleg der det danner seg stryk og straumkværvar med stillare vassflater, grunne og rasktflytande strekningar der næringstilgangen er rimeleg god (Jost 1975, Creutz 1986). Eit krav er at nokre steinar stikk over vatnet til høvelege nærings- og vaktpostar, og at botnen er så grovsteindekka at næringssyra er nok representert (best i sideåer/bekker frå større hovudelvar). Dessutan trivst fossekallen særskilt godt i busetnadsområde/nærmiljøet, der han finn reirpllass under bruar (særleg gamle steinbruar), steinsettingar, små demningar og bygningar (møller, fabrikkar osv.). Ofte utgjer «menneskeskapte biotopar» storparten av reirplassane i eit nærmiljø. Elles er «ur-habitatet» naturleg nok med reirpllass i berg- og fjellsider, på steinar, i jordutheng o.l., og reir bak fossefall er vanleg i mange bratte vassdrag. Fossekallen går fra havnivå til opp i bjørkebeltet, av og til heilt opp til snøgrensa, og er påvist hekkande til 1300-1400 moh her i landet.

Bestandsstorleik og bestandsutvikling

Etter undersøkingar i Sør-Norge tyder tettheter på Sør- og Vestlandet at det er kring 0.3-1.0 par/10 km², medan det i austlandsfylka generelt ligg kring 0.1-0.5 par/10 km². Elles er oppgjeve 0.2-0.6 par/km vassdragslengde i høvelege biotopar som vanleg her i landet (Byrkjeland m.fl. 1984). Oftast er 50-75% (25-95% i Lyngdalselva, K. Jerstad) av hekkerevira busette årleg, minst etter ekstremt kalde ettervintrar/vårar.

Ut frå dette materialet er det estimert kring 5.000-25.000 hekkande par i Norge, eller opp i 40.000-50.000 hekkerevir. Bestandsutviklinga er usikker, truleg nokså stabil til minkande i utsette lokalitetar. Arten har auka med busetnaden, og er også gått tilbake i nærmiljø (sjå Efteland & Kyllingstad 1984). Etter Bengtsson (1988) er fuglen blitt meir sjeldan i delar av Aust-



Agder, og sure vassdrag er oppgjeve som mogleg grunn. I det sterkt sure Lyngdalsvassdraget med store aluminiums- og blykonsentrásjonar i hekkfuglane, har dette tydeleg negative utslag som tynne eggskal og mislukka kull før klekking (Punsvik & Jerstad 1991). Dessutan blir fossekallen faretrugande borte frå regulerte vassdrag med sterkt ujamn vassføring og dertil tap av bytedyr/næringsgrunnlag. Store delar av våre vassdrag er som kjent merkte av slike inngrep, særleg i Sør-Norge. Etter Aass (1991) kan 50-70% av botndyra bli borte etter regulering. I Øvre Pasvik er arten «sparsom for tiden» etter å ha vore vanleg før regulering og oppdemming (Vikan 1972), og i Nord-Rogaland viser tellingar at der er få eller ingen par i storparten av regulerte vassdrag (eige materiale). I Tyskland er bestandar auka med mange hundre prosent ved hjelp av rugekasser (Hölzinger 1987), og i Sør-Sverige er nye hekkelokalitetar oppstått ved same metode (Risberg 1990).

Hekkebiologi

Etter ekstra milde ettervintrar/vårar legg fossekallen sine 4-6 egg alt i mars i kyststrokk. Mest vanleg er egglegging i april-mai, og i høgare regionar ofte i juni-juli etter at snø og is er borte på reirplassen. Dessutan fylgjer hekkesesongen beste tida for næringssyrtillgangen, særleg av vår- og døgnflugelarvane (m. a. Ormerod & Tyler 1987). Hekkesuksessen i SV-Rogaland er rekna til kring 51% (flygedyktige ungar av lagte egg) (Efteland & Kyllingstad 1984), og 50-60% er oftast vanleg for arten. Hekkesuksessen er gjerne best mellom 100-200 moh. (Punsvik & Jerstad 1991).

Trekkforhold

Ringmerking i Norden dei siste 20 åra viser at delar av fossekallbestanden vår er regulære trekkfuglar (ca. 10% trekkjer ut av Lyngdalsvassdraget, K. Jerstad). Sørnorske fuglar trekkjer til Sør- og Mellom-Sverige, Danmark og Tyskland, og finskmerka fugl er kontrollert i Nord-Norge (Kesselstrand & Wester 1991). Det er vanleg at lågareliggjande hekkfuglar og årsungar trekkjer opp i høgfjellet på myte- og næringstrekk, der bytedyrbestanden er rikast på ettersommaren og utover (sjå Cramp m.fl. 1988).

Svein Efteland

Fossekall *Cinclus cinclus*



790 • Konstatert hekking

262 • Sannsynlig hekking

372 • Mulig hekking

Detaljeringsgrad: 10 x 10 km

